

Tilråding frå arbeidsgruppa for Kartsystem

Innleiing:

Alle kommunane har i dag programvarer som løyser dei ulike oppgåvene innafor fagfeltet på ein velfungerande måte. Dei fleste av desse er program som kommunane har hatt i ei årrekke og der alle har brukarar med høg kompetanse innanfor programma. Det er 3 ulike leverandørar til systema som vert brukt i kommunane i dag. Norconsult (Winmap) og Norkart (GisLine) leverer løysingar som dekkjer alle oppgåver innan kommunen. Powell (Gemini) leverer ikkje løysing for oppdatering av matrikkel.

Status i dag:

Lindås brukar ein kombinasjon av program frå Powel (Gemini), Norconsult (ISY WinMap) og kartverket sin matrikkelklient til matrikkelføring. Meland og Radøy brukar program frå Norkart (GisLine) og unntaksvis kartverket sin Matrikkelklient. I tillegg er alle kommunane med i samarbeidet om Nordhordlandskartet som er levert av Avinet.

Tilråding frå arbeidsgruppa:

Arbeidsgruppa har etter mange gode diskusjonar, møte med Fjell-, Sund- og Øygarden kommune og demonstrasjon av ulike program, samt litt testing, kome fram til følgjande tilråding av kartprogram:

| | |
|--------------------------------------|-----------------------------|
| Matrikkel og kartforvaltning (FKB) : | GisLine (Norkart) |
| Landmåling: | GisLine (Norkart) |
| Arealplan/ GIS: | ISY WinMap (Norconsult) |
| Vatn og avløp: | Gemini (Powel) |
| Innsynsbrukarar/ publikumsløysing: | Nordhordlandskart (Avinet) |

I desse programma inngår ei rekke modular som ein nyttar i dag, og som etter vår meining må vera med vidare. Dette er ei løysing som er ein kombinasjon av program som er i bruk i kommunane i dag. Etter vår meining er det fornuftig å velje dei programma som best løyser dei ulike oppgåvene. Dette heller enn å velje ei heil programpakke frå éin leverandør. Me har valt GisLine-program som gir oss dei beste og mest rasjonelle arbeidsløyper for matrikkelføring og kartvedlikehald. For VA har me valt Gemini som har dagens beste løysing på dette området. For planforvaltning har Isy WinMap4 peika seg ut som den beste løysinga.

Våre val har som føresetnad at programvareleverandørane legg til rette for god flyt av data mellom dei ulike systema/ filformata.